

# Årsmelding 1979

---

Vebjørn Strømsnes (formann), Harald Våge (nestformann), Dagfinn Bringsvor (kasserar), Gunn Elde (sekretær), Jon S. Bringsvor. Kvart styremedlem hadde vara.

I året som gjekk har det vore i alt 7 styremøter, altså eit ikkje altfor imponerande tal, men laget har no vore i «funksjon».

Den 8. april arrangerte Sandsøy IL ein stafett. Der deltok folk frå fylgjande lag: Hødd IL, Gjerdsvika IL, Åheim IL, Åram IL, Larsnes IL og sjølvstekt Sandsøy IL. Det resulterte i tre 3. plassar for sandsøyingane. For seniorlaget vann Åram med Hødd som nr. to. For gutelaget vart det Hødd som strauk av med sigeren og med Åheim på andre. Hødd vann også jentestafetten med Larsnes som nr. to.

Friidrettsfolka deltok også i fylgjande løp: Høddløpet som gjekk i Ulsteinvik den 21. april. Der vart det for våre ein god andre plass på 1000 meter. Ein 12., ein 14. og to 15. plassar på 600 meter.

1. mai-løpet på Åheim gav ein 1. plass på 1200 meter som resultat til vår representant. Og på Åram 6. mai vart det også ein 1. plass på same distanse, og ein 5. plass på 600 meter. 19. mai i Stordal deltok også ei og tok igjen 1. plass på 1200 meter.

Fotball-laget har vore i særleg drift. I Sandeserien tok dei fin 4. plass som beste plassering hittil.

Det vart også starta miniputtlag i året som gjekk.

«Sommartrimmen» starta i år søndag 24. juni. Også denne sommaren fann mykje folk vegen til «Varden».